



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

LEDIGE STILLINGAR FOR DØVETOLKAR

Dykkar ref.:

Dykkar dato: Vår ref.:

Vår saksbehandlar:

Vår dato:

9.4.10

Volda vidaregåande skule har om lag 500 elevar og 75 tilsette. Skulen er ein kombinert skule med følgjande utdanningsprogram: Studiespesialisering, musikk, medium og kommunikasjon og service og samferdsel. Skulen er nyrenovert, og har gode undervisningslokale, ei flott kantine og godt skulemiljø.

Volda har flott natur med fantastiske friluftsmoglegheiter både sommar og vinter. Elles er Volda mest kjend som skulestad der Høgskulen i Volda er eit sentralt midtpunkt med 2-3000 studentar frå mange stader av landet.

Volda vidaregåande skule treng døvetolkar frå 1.8.2010 til to elevar som skal ta til på Vg1: ein på medium og kommunikasjon og ein på musikklinja (evt. på studiespesialisering).

Arbeidsoppgåvene er å tolke lærarane sine undervisningsopplegg. Arbeidstida er 25 t/v for heil stilling. Ferie og avspaseringsordning som det pedagogiske personalet.

Tilsetjingsvilkår etter gjeldande avtaleverk for vidaregåande skular. Den som blir tilsett må kunne leggje fram politiattest av nyare dato.

Nærare opplysningar får du på tlf 70 05 93 00 ved ass. rektor Ingeborg Øye Dahl eller avdelingsleiar Lisbet Ose.

Møre og Romsdal fylke nyttar elektronisk søknadsbehandling og vi bed difor om at du sender elektronisk søknad. Søknadsskjema finn du på www.mrfylke.no/utlysing.

Søknadsfrist: 20. april 2010

Adresse:
Vevendelvegen 35
6100 Volda

Telefon:
70059300

Telefaks:
70059350

E-post:
volda.vgs@mrfylke.no

Web:
http://www.volda.vgs.no